



NORSK INSTITUTT FOR
**BUNAD OG
FOLKEDRAKT**

Årsrapport 2010

Norsk institutt for bunad og folkedrakt
Valdresmusea as

Oppsummering

2010 har vore eit aktivt år i høve digitalisering av samlingane, fagleg utvikling, formidling, feltarbeid og tilrettelegging for publikum både via nettsider og fysisk i lokala på Fagernes.

Ein har fått ei god mandatavklaring mellom rådet og verksemda i samråd med KUD som peikar framover.

Staben har vore produktive og synlege på mange nye arenaer, mellom anna gjennom publisering.

Ein har fått til ei meir funksjonell og varig ordning av fagleg administrasjon i instituttet og utvida staben med ein ny ressursperson for framtida.

Med Velkomstbygget har NBF fått heilt andre og meir tidsmessige tilhøve for vekslende utstillingar, foredrag/undervisning, fagbokhandel og organisering av besøk/studentsamlingar

Økonomisk har det vore litt trongare rammer med utvida stab i engasjement, men det er gjennomført mange feltarbeid, som er av dei meir ressurskrevjande tiltaka gjennom året.

NBF har fått utvida nettverket med mange ressurspersonar og fagmiljø i heile landet.

DEL I ADMINISTRASJON OG REKNESKAP

1.1 FORMALIA

Bunad- og folkedraktrådet (BFR) vart frå 1. januar 2008 organisert under Valdresmusea as (VM), regulert av ein eigen avtale mellom Kulturdepartementet og Valdresmusea. Arbeidet er organisert som ein seksjon med felles administrasjon med Valdresmusea. Vedtektene for VM er endra for å inkludere BFR. Museet har vedtak om at ein følgjer ICOM sine museumsetiske reglar.

Kulturdepartementet har utarbeidd eige retningslinjer for BFR, og peikar ut eit eige fagråd med eit mandat regulert av retningslinjene. Det har vore litt ulike tolkingar av funksjonane til rådet og verksemda.

I løpet av hausten 2010 vart det ei avklaring med Kulturdepartementet om mandat, funksjonsfordeling og namn for rådet og verksemda.¹ Samarbeidsavtalen med Valdresmusea blir lagt til grunn for avklaringa for verksemda, retningslinjene for BFR for rådet. Verksemda har fått nytt namn: Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF)² medan rådet beheld namnet BFR. Rådet skal gje råd til verksemda og til Kulturdepartementet. Dagleg leiar i NBF er sekretær for rådet.

Det faglege arbeidet skjer i fagstaben ved NBF, men ein har tilgang på supplerande fagkompetanse og driftspersonale i staben ved museet.

1.2 OFFENTLEG INSTANS

NBF har store dokumentasjonssamlingar og arkiv som er staten sin eigedom. Dette overleverast Riksarkivet ved behov. Vi har framleis plass og behov for å ha det på Fagernes. Verksemda var tidlegare organisert direkte under KUD, vi har difor valt å halde fram med same rutinar ang. post og arkivering som tidlegare.

1.3 ADMINISTRASJON

Valdresmusea har hatt fylgjande administrasjon i arbeid med NBF i 2010:

Torveig Dahl, direktør, overordna ansvar

Borghild Nybråten, rekneskapsfører

Margit Eli Espeseth adm.sekretær i 20 % stilling til 31. mars

Marit Aasen, reinhaldar

Museet sine vaktmeistrar/handverkarar/sivilarbeidar bistår etter behov.

Anne Kristin Moe fekk ny tittel og utvida mandat i 2010. Frå å vera seksjonsleiar er ho nå dagleg leiar for NBF. Dette fylgjer som ein konsekvens av organisasjonsavklaringa med KUD, og som ei fylgje av ei klarare fristilling av NBF som del av verksemda til VM. Personalansvar, rekneskap, overordna planar, drift og total ansvar ligg til direktøren. Faglege arbeid, herunder disponering av personale og andre ressursar innanfor budsjettet er delegert til dagleg leiar.

1.4 ØKONOMI

NBF har eige budsjett for spesifikke driftskostnader. Dagleg leiar har ansvar for attestasjon av alle fakturer, refusjonskrav, reiserekningar m.m. før registrering og betaling. Direktøren attesterer for dagleg leiar sine reiserekningar. Det er utarbeidd eige administrasjon - og økonomiinstruks for VM, denne er under revidering som ein konsekvens av nye rutinar og ansvarleggjering i organisasjonen ved årsskiftet 2010/11.

¹ Namnesaka vart godkjent i styret for Valdresmusea as 25. oktober 2010.

² For å skilje mellom rådet og verksemda i instituttet, vil vi i denne årsmeldinga bruke NBF om instituttet og BFR om rådet, sjølv om namneendringa vart gjennomført hausten 2010.

Det er ein del inntening ved stordrift gjennom innkjøp, samordning av abonnement, større kundeavtalar m.m. I rekneskapen for 2010 er ein del postar i rekneskapen spesifikke, medan ein del er % -vis fordelt på NBF og resten av selskapet.

NBF har i 2010 hatt store utgifter til reise knytt til mange feltarbeid og ekstra bemanning med ei satsing på digitalisering av samlingane. Gjennom driftsavtale med KulturIT har NBF support, gode innkjøp av materiell, programvare og drift. Vi disponerer tre lap-topar for bruk i feltarbeid og anna arbeid i samband med reiser. Desse er kopla opp mot Primus og VM sin harddisk, slik at ein kan legge registreringar direkte inn i Primus. Dette reduserer mykje av etterarbeidet knytt til feltarbeid. Etersom feltarbeid er så viktig for verksemda vår, er det viktig at dei blir gjennomført mest mogeleg rasjonelt.

Styret vedtek ein årleg sum for kjøp av drakt til samlingane. Dette ligg i reskontroen og samlast over fleire år om det ikkje blir brukt, det har til saman vorte brukt **kr. 25 931 2010**, basert på bestillingar frå tidlegare år.

Økonomisk ramme for 2010 har vore løyvinga frå Kulturdepartementet på kr. **kr 3 452 000**, det var kr. 37 500 i sal og over ført frå 2009, slik at den totale ramma i 2010 var kr. **3 489 500**. I 2010 har det vore to sterke prioriteringar i høve budsjett-disponeringa: utvida bemanning og digitalisering/konvertering av registreringar. Dette har og ført til at vi utvida kapasiteten på serveren, som alt er sprengt på nytt ved utgangen av året.

Stoda for 2010 var om lag som i 2009 med ein prosentauke frå KD tilsv. prisauke (4 %). Med ei utviding av stab (engasjement av registrator/adm. sekr), er personalkost ein stor del av totalramma (75 %, tilsv. 72 % i 2009), noko som gav litt mindre handlingsrom, men større kapasitet. Det har vore ei merkbar dreining i adm., med eige adm. sekretær rett under dagleg leiar, har det vorte betre flyt i arbeidet og meir effekt – samt styrka publikumsteneste.

DEL II INSTITUTTET

Ved utgangen av 2010 har Norsk institutt for bunad og folkedrakt 4 faste heiltids fagstillingar:

Anne Kristin Moe ³	Dagleg leiar
Tordis Gjevre	1. Konsulent
Kristin Gulbrandsen	Fagkonsulent
Camilla Rudrud	Formidlingsansvarleg

Engasjement i 2010:

Bodil Enger vikarierte for fagkonsulent Kristin Gulbrandsen som gjekk ut i fødselspermisjon 19.04-31.12.10. Ho har bakgrunn som skreddar i kjole og draktsaum og har dei siste åra arbeidd som sjølvstendig bunadprodusent. Etter nøye diskusjonar internt beslutta vi å utvide staben med fast stilling som adm. sekretær/ registrator frå 01.12.2011. Enger fekk tilbod om jobben.

Reidun Fløgstad var engasjert frå 1. april og ut året som adm. sekretær og scanning av bildemateriale.

Ragnild Ranheim Lome har hatt eitt månadsverk som **arkivassistent** knytt til konvertering av cardbox-registreringane.

Maria Lund har jobba i deltid i samarbeid med NAV, spesielt med fotosamlinga.

Mona Løktig er **handverkstipendiat** frå NHU og hospiterte hos NBF i veke 10, 11 og 12. Ho fekk innføring i NBF sitt arbeid, og arbeide med mønsteravtak, registrering og var med på feltarbeid.

³ Anne Kristin Moe sit i styret for Valdresmusea as og Valdres Folkemuseum as for dei tilsette.

DEL III MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSOMRÅDE

1. HOVUDMÅL

Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) er eit nasjonalt kompetansesenter som arbeider med dokumentasjon, forskning og formidling av folkedrakt og bunad. Jfr. avtalen mellom Valdresmusea og KUD skal NBF "Arbeide for å framme, verne og vidareføre bruk og framstilling av bunader og folkedrakter i Noreg, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særeigne kvalitetar" (pkt.3.1). Vårt hovudmål er å fremje kunnskap om folkedrakt og bunad som kulturuttrykk, og bruk og tilverking av desse draktypane.

2. DELMÅL

Avtalen mellom Valdresmusea og KUD inneber følgjande delmål for institusjonen (nivå 1):

- Sørge for sikring, lagring, formidling, utvikling og vedlikehald av **dokumentasjonssamlingane**
- **Formidle kunnskap** frå arbeidet og om fagfeltet,
- Vidareføre og vidareutvikle arbeidet med å **gje råd** om og stimulere til auka forståing for tradisjonell draktskikk som grunnlag for dagens bunader,
- Vere **sekretariat** for det statlig oppnemnde Bunad- og folkedraktrådet

Innanfor desse har NBF sett tiltak (nivå 2) for 2010 i samråd med Bunad- og folkedraktrådet.

2.1 Sørge for sikring, lagring, formidling, utvikling og vedlikehald av dokumentasjonssamlingane.

2.1.1 Gjennomføre minimum fire feltarbeid med primusregistrering

REGISTRERING

Registreringsarbeidet i felt i 2010 tilsvarar 59 dagsverk.

Følgjande feltarbeid har vore gjennomført i 2010:

Hordaland: Bergen Museum; Tysnes	25.-27. mai	35 reg.
Setesdal: Valle	31. mai-4. juni	241 reg.
Sunnmøre: Ørskog; Stordal; Sykkylven; Hellesylt	30. aug-1. sept	170 reg.
Nordfjord: Gloppen	2. sept-3. sept	109 reg.

I tillegg er det gjort dokumentasjonsfilming av skautefelling hjå Ingebjørg Byrkjeland i Hardanger 22. oktober.

Pr. 31.12.10 har NBF totalt 65 576 registreringar. Tilveksten i 2010 er på 715 gjenstandar:

555 registreringar frå feltarbeid (sjå ovanfor).

74 draktplagg frå privatpersonar reg. hjå NBF:

Valdres 16; Finnmark 1; Hallingdal 1; Øvre Hallingdal 13; Nedre Hallingdal 10;
Nordre Land 2; Nore og Uvdal 6; Åmli 1; Aust-Agder 4; Telemark 1 ; Nordhordland 14; Tysnes
1; Røros 2; Ukjend stad 2.

34 gåver til NBF:

1 Nasjonaldrakt (Gudrun Rogne, Heggnes);
2 tørkle; 1 fingervott; 1 band; 3 sjal; 2 understakkar; 1 kjoleliv; 2 gamasjer; 1 kisteklede; 1
skjorte (Anne Sofie og Helge Aarset, Ørskog)
1 bringeduk; 2 sjal; 2 lommer; 1 lommelås; 2 understakkar; 1 forkle; 3 søljer; 1tørkle (Martha
Vik, Ørskog)
2 stakkar; 1 liv; 1 kjoleliv; 1 forkle (Bergljot Hjorthol, Sykkylven)
2 Valdresbunadar S1 (Kirsten Hovi, Rogne)
1 Valdresbunad S2 (Tone Husevoll)

FOTO

Pr. 31.12.2010 består NBF si fotosamling av 268 758 bilde:

Analoge bilde	2610 filmar x 35 bilde	91 350 bilde
Analoge bilde frå Sunnfjord Museum		623 bilde
Digitale bilde ⁴		120 301 bilde
Svart-kvitt negativar	985 filmar x 35 bilde	34 475 bilde
NBFs lysbilde		20 731 bilde
Foto e. Klara Semb		524 bilde
Foto e. Norsk bunadleksikon		754 bilde

Tilveksten på foto i 2010 er på 3 033 bilde.

Nye registreringsfoto	2 212 bilde
Nye foto til gamle registreringa frå Cardbox	521 bilde
Div. nye foto (modellbunader, saksbehandling, saumforkl. m.m.)	300 bilde

MØNSTER

Pr.31.12.10 består NBFs mønsterarkiv av 490 mønster

Originalmønster m. saumforklaring	359
Graderte mønster	119
Skisser	446
Vev- og broderimønster	16

Tilveksten i mønsterarkivet er i 2010 på 39 mønster.

3 kvinnehuer frå Røros	inkl. saumbeskrivelse
1 lomme frå Sunnmøre	inkl. saumbeskrivelse
3 stakkebordar frå Aust-Agder	teknisk teikning
1 vest frå Østfold	inkl. saumbeskrivelse
1 mannskjol frå Østfold	inkl. saumbeskrivelse
1 bukse frå Østfold	inkl. saumbeskrivelse
2 kvinnehuer frå Østfold	inkl. saumbeskrivelse
1 liv frå Østfold	inkl. saumbeskrivelse
2 kvinnetrøye frå Østfold	inkl. saumbeskrivelse
1 kvinnetrøye frå Hemsedal	inkl. saumbeskrivelse
1 bukse frå Setesdal	
2 kvinnetrøyer frå Tysnes	
4 liv frå Tysnes	
1 liv frå Valdres	
3 valkar frå Valdres	
1 barneskjorte frå Nordfjord	
1 kvinnehue frå Nordfjord	
1 mannstrøye frå Nordland	inkl. fotomontasje
2 mannstrøyer frå Troms	inkl. fotomontasje
1 liv frå Vest-Telemark	
1 kvinnetrøye -ukjent stad	
5 kvinnetrøyer frå Setesdal	

⁴ Digitale bilde inkluderar både scanna analoge bilde og digitalt fotograferte bilde, noko som inneber at denne posten vil variere frå år til år.

2.1.2 Digitalisering av samlingane

Konvertering frå Cardbox til Primus blei ferdigstilt i desember 2010. Staben har utarbeidd ein nomenklatur til registreringane i Primus. Det store oppryddingsarbeidet med å gje gjenstandane rett nemning, presisert nemning og draktområde vart så vidt påbyrja i slutten av året. Registreringane frå 2010 er ferdigstilt med bilde, i tillegg er 483 registreringar frå før 2008 ferdigstilt.

Tilveksten på scanna bilde i 2010 er 17 850 bilde

I forhold til NBF sine samlingar fordeler arbeidet seg slik:

Totalt antal registreringsfoto (analoge)	2 610 filmar x 35 bilde = 91 350
- Scanna bilde før 2010	420 filmar x 35 bilde = 14 700
- Scanna bilde i 2010	510 filmar x 35 bilde = 17 850

= Gjenstående registreringsfoto (ikkje er scanna): 1 680 filmar x 35 = 58 800

På grunn av manglande lagringskapasitet fekk vi ikkje lagt inn meir enn 521 av dei 18 041 bilde ved årets slutt. Av NBF sine 65 576 registreringar (alle i Primus) har 3 589 foto i Primus. Registreringsfoto (fleire bilde pr. gjenstand) til saman i Primus er 8 801 stk.

Pr. 31.12.10 har NBF 862 bøker, 674 tidsskrift og 760 småskrift.

Av desse er 431 digitalt registrert, slik at dei er søkbare på nett.

Tilveksten av bøker har i 2010 vore på 27 bøker og 17 småskrift.

2.1.3 Reorganisere stoff- og kjeldearkiv

Arbeidet med å reorganisere stoffarkivet er påbyrja. Det er teke kontakt med leverandørar, både produsentar og importørar. Ein del stoffprøver er kome inn, men noko manglar framleis. Arbeidet vil fortsetja utover 2011.

Det har ikkje vorte tid til å reorganisere kjeldearkivet i 2010. Det er flytta til eit eige arkivrom, slik at det er betre sikra i høve publikum.

2.1.4 Anna

- **Pr. 31.12.10 har NBF 23 dvd-ar.**
Alt materiale i andre format vart konvertert til dvd i 2009.
Tilveksten i 2010 var på ein dvd (Skautfelling i Hardanger).
- **Pr. 31.12.2010 har NBF 52 modellbunader og 7 folkedrakter.**⁵
Tilveksten er på 3 modellbunader i 2010:
Kvinnebunad frå Sogn , Bjørg Hovland.
Mannsbunad frå Ringerike, Fridjof Rudstaden.
Mannsbunad frå Nordmøre (deler av) , Husfliden Surnadal.
- Dei tidlegare innkjøpte modellbunadane frå Voss (mann), Nordmøre (mann) og Østfold (mann) er merka og protokollført.
- Rapport for Nord-Trøndelag er trykt opp igjen og inngått ein skriftleg avtale med forfattar Bodil Haug om rettigheitar knytt til denne.
- NBF har bidrege med flytting av tekstilsamlinga ved Valdres Folkemuseum og opplæring av VM sitt personale i Primus.
- Turid Bjørgo har hatt feltarbeid hjå NBF i samband med si studentoppgåve om digitalisering, Høgskulen i Oslo.

⁵ I tillegg kjem lause folkedrakt- og bunaddelar som ikkje er telt her.

2.2. Formidle kunnskap frå arbeidet og om fagfeltet

2.2.1 Publisere minimum fire artiklar

NBF har fått publisert artiklar av både vitskapleg og folkeopplysande karakter i 2010:

"Draktkultur i Nord-Gudbrandsdalen 1750-1850" Rapport Nordisk draktseminar (Rudrud)

"Broderte drakter – folkedrakt eller bunad" Rapport Nordisk draktseminar (Moe)

"Frå bønder til byfolk". Personae, tidsskrift for klær, kropp og kultur 2/2010 (Moe)

"Rosesaum som folkedrakt og bunadfenomen" Årbok for Sunnmøre 2010 (Moe)

"Kronen på verket" Personae - tidsskrift for klær, kropp og kultur 4/2010 (Moe)

"Pakistanske bryllupsklær" Personae - tidsskrift for klær, kropp og kultur 4/2010 (Moe)

2.2.2 Vidareutvikle Drakt og samfunn

I 2010 inngjekk NBF samarbeid med Høgskolen i Oslo (HiO), Avdeling for estetiske fag, om Drakt og samfunn 1 og 2. Nye studieplanar etter HiO sin mal vart utarbeidd og godkjend av instituttstyret i november og rektor i desember. Sidan utarbeiding og godkjenning av alle detaljer rundt studiet og finansieringa har teke lang tid, vart oppstart for Drakt og samfunn 1 fyrst i februar 2011. Til tross for at studiet har ligge nede eitt år, har det vore stor oppslutning rundt det, og ved utgangen av 2010 står det 34 personar på interesselista.

2.2.3 Arbeide for praktisk opplæring

Bunadopplæringa er eit samarbeid der NBF, Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Folkekulturforbundet. Det tilbyr ei modulbasert opplæring innanfor bunadtilverkarfaget. Modul 2 vart gjennomført i lokala til NBF 1.-5.februar, der NBF hadde ansvar for undervisninga. Tema var material- og bindingslære, drakthistorie og plagganalyse, registrering og rekonstruksjon. Det var også praktiske øvingar i småteknikkar. Styringsgruppa til Bunadopplæringa hadde fire møter i 2010:

- 9. mars. Oslo: Evaluering av gjennomførte modular , organisering av framtidige modular, status modul 3 og økonomi.
- 3. sept. Fagernes: Individuell rettleiing, status modul 4 og kurslærarar.
- 7. sept. Oslo: Møte med alle samarbeidspartar og lærarar om ulike vegar til sveinebrev, samt individuell rettleiing.
- 14. des. Oslo: Oppsummering modul 3, status for modul 4 og 5 og status individuell rettleiing.

2.2.4 Informasjonsmateriell

I samband med stand på Bunadsmessa på Det norske teatret i mars, fekk NBF produsert to bannere. Dei blei òg brukt på bunadsmessa på Glasmagasinet seinare i månaden, og stod i lokala til NBF fram til namneendringa .NBF har sjølv laga brosjyrar om *Drakt og samfunn* som er tatt med på reiser og messer vi har delteke på.

Det er ikkje laga noko ny brosjyre / informasjonshefte om NBF dette året, pga. namneendringsaka. Ein revidert versjon av logoen, med nytt namn, vart laga i samarbeid med Velour, og det vart laga nye brevark, kontraktar etc. med ny logo på.

2.2.5 Formidle aktivitetar gjennom nettsider

NBF held nettsida laupande oppdatert om eigne aktivitetar, men det har vist seg tidkrevjande å skulle fylle "kalender" og "siste nytt" med andre sine aktivitetar og arrangement.

Det er laga nytt namnebanner på nettsida i samband med namneendringa.

2.2.6 Anna

- NBF har i 2010 fått god mediadekking: Adresseavisa 10.mai (nett- og papirutgåve), klikk.no 10. mai, nrk.no 11. mai og Nasjonen 16. mai. Dagleg leiar stilte opp med bunadtips i VG som resulterte i eit to-siders oppslag 16. mai. Vi fekk dekning av Dagbladet og Aftenposten 16. mai med råd om bunadbruk og info om NBF og bunadhistoria. Dagleg leiar var gjest i Norgesglasset på nrk p1. 1. desember fekk NBF omtale i Magasinet Bunad tre artiklar (Valdressjalet; Intervju med dagleg leiar; Nytt namn).
- Under open dag 27. mars i uferdig velkomstbygg, laga NBF saman med tekstilansvarleg ved VM ei lita utstilling med trykte ullsjal frå museumssamlinga. Det rekonstruerte sjalet frå samlinga er produsert for sal i 3 farger og vart lansert med eit foredrag om trykte sjal av dagleg leiar.
- 7. juni vart nybygget til Valdres folkemuseum opna med kongeparet til stades. Dagleg leiar overrekte eit Valdressjal til H.M. Dronningen. Dronning Sonja framheva NBF si verksemd og kompetanse svært positivt i sin tale
- I det nye bygget er NBF presentert ved ein informasjonsplakat og tre montrar i butikken. Bygget har ny museumsbutikk som tek seg av sal av NBF sine fag- og pensumbøker etc.
- *Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil* hadde si tredje samling på Høgskulen i Telemark, Rauland 25.-26. august. Tema for samlinga var immateriell kulturarv. I tillegg til innlegg frå deltakarane var Odd Are Berkaak leigd inn for å halde foredrag om implementeringa av UNESCO-konvensjonen i norske museum. Det vart også drøfta korleis dei ulike musea formidla den immaterielle kulturarven.
- Under Jørn Hilme-stemnet, siste veka i juli fekk NBF besøk av den kinesiske kulturattacheen saman med kultursekretæren ved den norske ambassaden til Kina for å drøfte samarbeid.
- I samband med Den kinesiske ambassaden si utstilling om kinesiske minoritetsdrakter under Den kinesiske kulturfestivalen i Oslo i september, var NBF med i planleggingsarbeidet, det praktiske utstillingsarbeidet, samt å låne ut 20 utstillingsdokker. Utstillinga vart sett opp i Oslo (Ibsenmuseet), Ski og på Fagernes. I Fagernes vart det gjort ein eigen vri på utstillinga ved at ein kombinerte dei kinesiske med norske drakter.
- I løpet av hausten 2010 har NBF pussa opp lokala sine. Badet har blitt "nytt", veggane i fellesromma har fått nye fargar og meir hensiktsmessig ommøblering. Det skriftlege materialet og mønsterarkivet som tidlegare har stått ute i fellesrommet er no arkivert på eit eige rom. Tidsskrift og brosjyrar er tilgjengeleg for publikum i den utvida resepsjonen, og arbeidet med nytt el-skap og bord med gjeste-pc er i gangsett. Biblioteket har fått projektor og lerret som både er veggfaste.
- I veke 33, 34, 49 og 50 fotograferte Laila Duran 31 av våre modellbunader samt 1 av våre originale folkedrakter. Bilda vil bli presentert i boka *Scandinavian folklore* som kjem i 2011. NBF får bruksrett til alle bilda. Fotograferinga var ute i landskapet med levande modellar. Det var ein stor og krevjande jobb, men fagleg interessant, å bruke samlingane på ein heilskapleg måte.
- Bunadsutstillinga i hallen oppe har vore uendra i mange år. NBF har i 2010 prosjektert ny utstilling om NBF og våre arbeidsfelt. Den gamle utstillinga vart demontert i desember og hallen gjort klar for oppussing.

- Representantar frå NBF har delteke på
 - Draktseminaret "Sus i serken" i Mandal 12. – 14. februar
 - Bunadsmesse, Det norske teatret 6. og 7. mars
 - Bunadsmesse Den norske husfliden/Heimen Husflid 22. – 24. april
 - Årsmøte til Norges Husflidslag, Oslo 10.-12. juni
 - 100 års jubileum til Norges Husflidslag, Oslo 12.-13. juni
 - Det nasjonale museumsmøtet, landsmøte i NMF, Trondheim. 9.-11. september
 - Fagdag for musea i Hedemark og Oppland, Hamar 21. oktober
 - Seminar for Hordaland Ungdomslag, Granvin i Hardanger 22. oktober
 - Ullbroderiseminar, Lund, Sverige 13.-14. september
 - Studietur (utstilling) Stockholm 21.- 24. oktober
 - Norsk folkedraktforums haustseminar, Mandal 5.-7. november
 - Nyopning Heimen Husflid, Oslo 11. november
 - Studietur (utstilling) Bergen 22. - 24. November

2.3. Vidareføre og vidareutvikle arbeidet med å gje råd om og stimulere til auka forståing for tradisjonell draktskikk som grunnlag for dagens bunader.

2.3.1. Svare på konkrete førespurnader og ta i mot dei som ønskjer å besøke NBF

I 2010 har det kome 192 e-post-henvendingar til post@bunadraadet.no. I tillegg har det kome ein del henvendingar direkte til dei tilsette, både på e-post og telefon. Ein gjennomgang av spørsmåla viser at det også i 2010 er flest spørsmål som omhandlar identifikasjon av drakt, samt kva som er lov / høyrer til ein bestemt bunad. Det har også vore nokre spørsmål om folkedraktskikk, kvar ein får tak i bunad/ material og om det finns kurs i bunadsaum.

NBF har hatt besøk i samband med følgjande prosjekt:

- Studentoppgåve om folkedrakt og nasjonaldrakt, Nordhordland. Anne Marie Stoltz.
- Bokprosjekt om draktskikk i Østfold. Jeanett Ulvedalen.
- Bokprosjekt. Aagot Noss.
- Rekonstruksjon av dansedokker i Valdres. Elisabeth Kværne.
- Kristneteppe tradisjon i Valdres. Magny S. Karlberg.
- Studentar frå Institutt for Folkekunst i Rauland. Foredrag og arkivarbeid.

2.3.2. Følgje opp rekonstruksjonsarbeid

Ein spesiell del av rådgjevingsarbeidet vårt inneber konkret rettleiing i produksjon, samt vurdering av rekonstruksjon. NBF hatt 15 rettleiingsbesøk om rekonstruksjon i 2010:

- Mannsbunad, Østfold. Camilla Sivesind.
- Kvinnebunad, Østfold. Ellen Kvamsdal.
- Topplue og brokeselar, Valdres. Asta Karin Kampen.
- Kvinnebunad, Nord-Østerdalen. Helga R. Nasset
- Mannsklede og dåpsklede, Sogn. Sogn bunadnettverk.
- Kvinnetrøye Numedal, Mette Storeng.
- Rutastoff, Valdres. Gunhild Nørsterud.
- Ullgarn til brodering. Berit Vidme.
- Kvinnetrøye, Hemsedal. Eli Grøndalen.
- Draktregistreringar Vestre Slidre i 1985. Sigrid Skåren.
- Broderi og bringedukar, Hordaland. Turid Hølleland.
- Mønster og saumbeskr. til bringeklutkleda Vest-Telemark, for produksjon v/Stakkeloftet.

Ynskje om barnebunad i Norsk Flid-butikkane. Bunadkomiteen i Norsk Flid.
Ynskje om eigen bunad i Rendalen. Truleg feltarbeid neste år. Gruppe frå Rendalen.
Rådgjeving i utarbeiding av "Valdressjalet". Tekstilfirma Duran Textiles AB.

Andre hendingar vedr. rekonstruksjon (møte andre stader/tlf):
Kvinnebunad, Tysnes. Anna Skaar.
Ynskje om rekonstruksjonsarbeid på Sotra. Hanne Lauvik.

Det er gjeve 9 skriftlege vurderingar til draktdelar:
Stakkebordar, Aust-Agder. Christian Pedersen.
Sko, Aust-Agder. Christian Pedersen.
Vest, Aust-Agder. Christian Pedersen.
2 trøyer, Aust-Agder, Christian Pedersen.
2 bukser, Aust-Agder, Christian Pedersen.
Vevprøve forkle, Sunnmøre. Åshild Liaskar.

Det er gjeve 1 skriftleg vurderingar til ferdig bunad:
Rekonstruert bunad frå Tysnes. Anna G. Skaar.

Medrekna enkeltpersonar, studentar og forelesarar, har vi til saman hatt 251 besøk i 2010. I tillegg kjem alle som har sett utstillingane som del av museumsbesøket gjennom året. Valdresmusea hadde i 2010 eit besøkstal på 40 000, av desse 32 500 ved Valdres Folkemuseum, der ein svært stor del har sett bunadsutstillinga og utstillinga i butikken.

2.3.3 Anna

Dagleg leiar i NBF har site i ABM-u si referansegruppe for implementeringa av Unesco-konvensjonen om immateriell kulturarv i Noreg. Mandatet til ABM-utvikling var å lage ei overordna oversikt over aktuelle fagmiljø og kulturarvsområde som dekkast av konvensjonen, og utreiinga blei ført i pennen av Beate Strøm. I tillegg til dagleg leiar Anne Kristin Moe, besto referansegruppa av Barth Niava (Center for afrikansk kulturformidling); Egil Bakka (Rff); Eivind Falk (NHU); Kåren Elle Johansdatter Gaup, (RiddoDuottarMuseat); Mahmona Khan (forfattar); Marit Hosar (Opplandsarkivet); Marit Jacobsen (Norges husflidslag og Folkekulturforbundet); Rune Sundelin (Norske kveners forbund) og Trine Kolderup Flaten (Bergen Offentlige Bibliotek). Mandatet til referansegruppa var å bidra til arbeidet gjennom diskusjonar og rådgjeving kring avgrensing, begrepsdefinisjonar og strategiar. Gruppa hadde tre samlingar i 2010, og utreiinga vart levert til Kulturdepartementet 1. desember.

2.4 Vere sekretariat for det statlig oppnemnde Bunad- og folkedraktrådet

Bunad- og folkedraktrådet har hatt fire møte i 2010, derav ei over to dagar på Fagernes. I tillegg har dagleg leiar og direktør saman med leiar i rådet hatt eit møte med KUD i samband med funksjonsavklaring.

Møte 1: 2010 2. februar, Oslo

I møte 1 2010 fekk Bunad- og folkedraktrådet høve til å gje ein kort presentasjon av sitt arbeid for statssekretær Lubna Fjell. Fjell peikte på at vidareføring og fornying var viktige, likeins innvandrarane sin kulturarv på det tekstile feltet.

Rådet vedtok at rådsmøta skal ordnast ved eit årshjul, der ein i januar/februar-møtet ser på årsrapport og rekneskap, på mai-møtet har faglege tema og diskusjonar og oktober-november ser på tiltaksplan og budsjett.

Ny samarbeidspart til Drakt og samfunn vart diskutert som eiga sak. Rådet diskuterte kven som hadde den mest kompletterande kompetansen i høve til NBF, antal studentar og søkjarar, samt lokalisering, og konkluderte med at HiO er det beste alternativet. Det vart understreka at det er viktig for den faglege integriteten at det framleis vert undervist på Fagernes, men at noko av undervisinga kan leggjast ein annan plass.

Møte 2: 2010 10. og 11. juni, Fagernes

I Møte 2 2010 drøfta rådet utfordringar kring **Unesco-konvensjonen**. Rådet meinte at det var viktig å synleggjere NBF som institusjon som forvaltar immateriell kulturarv på overordna nivå. Det vart også ytra frykt for at hovudintensjonane med konvensjonen druknar i alt det andre vil ha med fordi ein tolkar konvensjonen ulikt. Det vart peikt på at vi som står i feltet må tørre å meine noko og ta den kampen, og rådet vedtok at dei ønska at rapporten blir lagt ut på høyring.

Rådet vedtok at ein ønska fortgang i realiseringa av **Drakt og samfunn**, og ønska oppstart hausten 2010.

Rådet ba KUD om eit møte for å få klargjering angående **namneendring og ansvarsavklaring**. Det vart og vedteke at sekretæren skulle ta kontakt med KUD og høyre kva som er mogeleg og ikkje angående honorar, og kvar det prinsipielle ligg. Ho skulle også avklare om dette ift. når NBF gjer feltarbeid for andre institusjonar.

Fagrådet meinte at eit godt **materialarkiv** er ein viktig nøkkel for å kunne gje råd, og at det bør utarbeidast ein oversikt over materialprodusentar og kompetansepersonar. Det får vere opp til sekretariatet å bestemme kva form denne oversikta skal ha, men den bør vere fysisk og lett tilgjengeleg for dei tilsette. Det er også viktig at tilverkarane er registert, her har NHU eit system allereie. BFR bør oppfordre både produsentar og kundar til å bruke dette. Dette har direktøren og dagleg leiar hatt eit eige møte med NHU og Maihaugen om.

Arbeidet med **langtidsplan** vart påbyrja. Det vart også diskutert om NBF skal fokusere på vitskapeleg eller populær form på publikasjonar. Nokre rådsmedlem meinte det var viktigast å vere synleg i akademiske fora, medan andre fokuserte på grasrota og folkeopplysing. NBF kan gje ut eigne FoU skrift, som synleggjer det som blir gjort. Ein anna diskusjon gjekk på korleis NBF skal jobbe med den praktisk kunnskapen: Gjennom Bunadopplæringa/vgs. eller NHU-prosjekt. Her var medlemmane heller ikkje einige.

Møte 3:2010 22. september, Oslo

I møte 3 2010 fortsette ein med arbeidet med 4-årsplan. Rådet ba sekretariatet lage framlegg til neste rådsmøte der mål og tiltak er formulert i 4-årsplana. Rådet ba og sekretariatet om ei skisse til forprosjekt for eit nasjonalt dokumentasjonsprosjekt.

Rådet held fast ved tidlegare vedtak om at oppstart av Drakt og Samfunn hausten 2010 er ønskeleg. I den grad avtalen med Høgskulen i Oslo ikkje gjev økonomisk stønad til kurset, ser rådet det som naturleg at kostnadane blir dekkja inn over driftsbudsjettet til sekretariatet.

Etter at spørsmål om namnenedring kom opp, har det vore drøftingar med departementet om avklaring av mandat. Her har det vore fleire møte, og ein har fått avklara følgjande:

1 Det som har vore kalla fagrådet er Bunad- og folkedraktrådet (BFR), og oppdraget ligg i retningslinjene. BFR er eit statleg fagråd som har ein rådgivande funksjon for verksemda.

2 VM har ansvar for verksemda, nedfelt i ein eigen avtale mellom Kulturdepartementet og Valdresmusea. Denne verksemda fekk namnet Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF). Dagleg leiar har som delfunksjon å vera sekretariat for rådet.

BFR rapporterer årleg til Kulturdepartementet gjennom å handsame rapport og rekneskap for verksemda. Heri ligg at BFR har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere arbeidet som blir gjort og melde desse merknadane vidare til KUD. Ein er glad for avklaring om mandat og roller presentert i møte med KUD 22. september 2010. Ein ser på dette som ei positiv avklaring og ein stor mogelegheit til å vidareutvikle bunad og folkedraktfeltet i Noreg. Rådet er svært positive til ei namneendring for seksjonen som tydeleggjer oppdraget og kompetansen instituttet har.

Møte 4: 2010 4. november, Oslo

I møte 4 2010 vart saka om eit nasjonalt dokumentasjonsprosjekt teke opp på nytt. NBF i samråd med direktøren for VM hadde kome fram til at det ikkje var rett tidspunkt for ein slik søknad no. Instituttet er i full gang med konvertering av registreringane, og treng 2011 til å kvalitetssikre materialet og å vidareutvikle kompetansen i staben.

Rådet såg at NBF har mykje arbeid og at ein treng kapasitet for å gjennomføre det ein har vedteke å gjera. Rådet aksepterte at det ikkje er rett tidsperiode for eit stort dokumentasjonsprosjekt no. Ein har likevel mål om at eit slikt prosjekt skal igangsettast innanfor rammene til 4-årsplana. NBF/BFR har gjennom over 60 år drivi nasjonalt dokumentasjonsarbeid, og ein treng litt tid til å lage ein ny plan for arbeidet vidare.

I samband med at den tidlegare bunadsutstillinga skal demonterast og NBF prosjekterer ny utstilling, vart utstillingsplanane drøfta i rådet. Rådet meiner det er viktig at ein i utstillinga synleggjer utviklinga i bunadshistoria, også innan rekonstruksjon. Ved å ta inn nasjonsbygginga som eit eige punkt i utstillinga vil ein sette bunaden i ein større kontekst.

Rådet anbefaler vidare at utstillinga ikkje vert for teksttung. Bunad- og folkedraktrådet ønskjer fortsett at NBF skal kjøpe inn modellbunader til *dokumentasjon*. Rådet ber instituttet om ei liste over bunader som har fått fråsegn frå BFR, og over innkjøpte modellbunader.

Rådet ba NBF arbeide vidare med framlegg til 4 årsplan slik at rådet kan gjere endeleg vedtak på neste rådsmøte.

Fagernes 7. mars 2011

Anne Kristin Moe
Dagleg leiar NBF

Torveig Dahl
Direktør VM